



Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne



§37

BARNEHAGELOVEN

INNHALD

1.	Formål	1
2.	Rettsleg grunnlag	2
3.	Nedsett funksjonsevne - definisjon	2
4.	Omsynet til barnets beste	2
5.	Det ordinere barnehagetilbodet	4
6.	Kriterier for tilrettelegging	4
7.	Skille mellom tilrettelegging for nedsett funksjonsevne og spesialpedagogisk hjelp	5
8.	Kva er kommunen sitt ansvar?	6
9.	Kva er barnehage sitt ansvar?	7
10.	Tiltak	8

1. FORMÅL

Barnehageloven §37

“Kommunen skal sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Plikta til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som inneber ei uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderinga av om tilrettelegginga inneber ei uforholdsmessig byrde, skal det særleg leggjast vekt på effekten av tilrettelegginga for å nedbygge funksjonshemmande barrierar, dei nødvendige kostnadene ved tilrettelegginga og ressursane for verksemda.

Kommunen gjer vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne”

Det skal arbeidast særleg målretta og systematisk – over kortare eller lengre periodar – med å inkludera barn i meningsfulle fellesskap.

Kommunen må i samband med oppfyllinga av formålet innhenta dokumentasjon og gjera nødvendige undersøkingar som har noko å seia for avgjerda.

Personar med nedsett funksjonsevne er gjennom nasjonal lov og internasjonale konvensjonar sikra rett til å kunna delta i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske. Det betyr at barn med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å delta i barnehagen i like stor grad som funksjonsfriske barn. Det følgjer av FNs konvensjon om barns rettigheter (Barnekonvensjonen) at barnets beste skal vera eit grunnleggjande omsyn ved alle avgjerder som handlar om barn.

2. RETTSLEG GRUNNLAG

Rettsleg grunnlag er barnehageloven § 37.

3. NEDSETT FUNKSJONSEVNE - DEFINISJON

Departementet definerer i Ot.prp. nr. 44 nedsette funksjonsevne som: «tap eller skade på ein kroppsdel eller i ein av funksjonane til kroppen. Dette kan til dømes dreia seg om nedsett rørsles, syns- eller høyrsefunksjon, nedsett kognitiv funksjon, eller ulike funksjonsnedsetjingar pga. allergi, hjarte eller lungesjukdommar. I ein juridisk samanheng er det nødvendig å vurdere funksjonsnivået opp mot kvar enkelt situasjon».

Det er ikkje noko krav til varigheit eller alvorsgrad, men der føresett at det blir gjort ei avgrensing mot forbigåande eller bagatellmessige forhold som ikkje påverkar funksjonsevna i særleg grad.

Tilretteleggingsplikta blir difor avgrensa mot tilfelle som er av forbigåande art, til dømes eit beinbrot.

4. OMSYNET TIL BARNETS BESTE:

Barnets beste skal vera eit grunnleggande omsyn i alle avgjersler som handlar om barn, jf. barnekonvensjonen § 3.

Barnehagen må tilpassa barnehagetilbodet i tråd med barnets beste, i den grad det er mogleg, sett i samanheng med andre omsyn.

Kommunen må vurdere kva rettigheter barnet har, etter kva lovføresegner, og vurdere barnehage-tilbodet heilskapleg.

Forskning og ny kunnskap om barn sier at det beste for eit barn er å vere del av eit felleskap. Jf. St.meld.6. I dei sakene der barnets behov faller utanfor det ein kan forvente av det ordinære barnehagetilbodet, skal det tilretteleggast etter barnehagelovens § 37.

Innhaldet i dei beste vurderingane til barnet skal bestå av:

- Vurdere kva som er barnets beste i saka.
- Vekta omsynet til barnets beste opp mot tiltak som medfører ein uforholdsmessig byrde for kommunen
- Vise (dokumentere) innhaldet i barnets beste-vurderinga og forklare vektinga av dei ulike omsyna i grunngjevinga for vedtaket.

En del av vektinga av barnets beste kan også vere å høyre kva barnets sjølv seier, men dette er avhengig av alder og modning.

Det å treffe barnet og observera i barnehagen kan vere eit alternativ. Dei ansatte i barnehagen gjerast bevisste på korleis dei kan høyre barnet på en slik måte at barnet sin stemme blir varetatt i søknadsprosessen.

5. DET ORDINERE BARNEHAGETILBODET

Alle barn i barnehagen har behov for hjelp og tilsyn, nokon meir enn andre, men det medfører ikkje at alle barn med ekstra utfordringar treng tilrettelegging etter barnehagelovens § 37.

Barnehagelova § 2 tredje ledd stiller krav til at barnehagen skal tilpassa tilbodet blant anna ut i frå barnet sitt funksjonsnivå. Kvar barnehage har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at også barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod i tråd med lova. Ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjere innanfor dei ordinære rammene.

Tilretteleggingsplikta til kommunen må avgrense mot plikta og ansvaret til barnehagen for tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Ut i frå barnehagelova §§ 1 og 2, saman med rammeplanen, er det barnehageeigars ansvar å gje individuell tilrettelegging.

Innhaldet til barnehagen skal tilpassast gruppa og enkeltbarnet sine behov. Barnehagen skal gje kvart barn utfordringar med utgangspunkt i barnet sitt funksjonsnivå, ressursar og føresetnadar.

Innhald og progresjon i arbeidet med barna i barnehagen må planleggjast etter dette.



6. KRITERIER FOR TILRETTELEGGING

I dei tilfella når behovet til barnet for individuell tilrettelegging ikkje kan varetakast innanfor det ordinære barnehagetilbodet og barnet har ei dokumentert nedsett funksjonsevne, vil barnet har rett til vedtak om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod etter §37.

For å få saken opplyst tilstrekkeleg er det viktig å hente inn foreldra sine synspunkter. Med samtykje frå dei foresatte kan ein ved behov hente inn opplysningar frå andre instanser. Slike opplysningar kan bli gitt av lege, helsestasjon, BUP, sjukehus, fysioterapeut, barnevernet, PPT m.m.

Ein diagnose i seg sjølv utløyser ikkje tilretteleggingsplikt. Ein må vurderer kvar sak individuelt i forhold til barnehagen seia eiga tilrettelegging, dagsrytme og behov for tilrettelegging.

Det er individuelle forskjellar mellom barn, utan at det treng å vera nedsett funksjonsevne.

Forhold som er å sjå som innanfor normal-variasjonen i småbarnsalderen fell utanfor.

Sentralt i denne vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetjing av ein slik art at det hindrar barnet i å bruka barnehageplassen sin på lik linje med andre barn.

Dersom kommunen kjem til at barnet har nedsett funksjonsevne, må det konkretiserast i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når det treng tilrettelegging, og korleis tilrettelegginga skal bli utført.

Her må kommunen gjere ei skjønnsmessig og konkret vurdering. Dette må komma klart fram i vedtaket.



7. SKILLET MELLOM TILRETTELEGGING FOR NEDSETT FUNKSJONSEVNE OG SPESIALPEDAGOGISK HJELP

SPESIALPEDAGOGISK HJELP § 31, 32, 33, 34, 35	INDIVIDUELL TILRETTELEGGING § 37
Føremålet er å gi barn med særleg behov <u>tidlig hjelp og støtte</u> til utvikling og læring. Ein pedagogisk støtte for å gjøre barnet betre rusta til skulestart. I vurderinga er det aktuelt å sjå på barnet sin utvikling, læring, evner og føresetningar – til dømes om barnet utviklar seg seinare/ annleis enn forventa.	Nødvendige tiltak for at barn med nedsett funksjonsevne kan ta i bruk det ordinære barnehagetilbodet. Formålet er å <u>tilpassa omgivnadane</u> til barnet, slik at barnet <u>kan bruke</u> barnehageplassen sin.

Det kan i enkelte saker vera vanskeleg å avgjera om barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp eller eit individuelt tilrettelagt tilbod, eventuelt begge delar.

I vurderinga av om barnet skal få støtte gjennom barnehageloven §§ 31 eller 37, vil kommunen leggja vekt på kva som står fram som hensikta bak dei to rettane og vilkåra for hjelp.

Dei to paragrafane utløyser ulike plikter for kommunen og ulike rettar for barnet. Det er difor viktig at kommunen gjer vedtak etter riktig lovparagraf. For barn som har rett til både tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp, skal kommunen gjere to separate vedtak for barnet, begge med eigen klagerett.

Mange av barna med særskilde behov, er barn som først og fremst treng bistand frå personar med spesifikk fagkompetanse. Denne typen hjelp bør primært bli gitt gjennom spesialpedagogisk hjelp.

Formålet er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring av til dømes språklege og sosiale ferdigheiter.

Gjennom individuell tilrettelegging prøver ein å få til ei endring av omgivnadene til barnet, slik at barnet skal kunna nyttiggjera seg barnehagetilbodet på ein likeverdig måte som dei andre barna i barnehagen.

Døme på saker og korleis kommunen vurderer desse:

Døme 1: Barn med synsvanskar

Allmennpedagogisk: Største del av tiltaka bør løysast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet gjennom nødvendig fysisk tilrettelegging, rammer og rutinar. Tilsette må ha eller tileigna seg kunnskap om tilrettelegging for barn synsvanskar. Dette kan til dømes vera bruk av leikar med sterke fargar for å skapa gode kontrastar.

Spesialpedagogisk hjelp: Sakkunnig vurdering viser om barnet har rett til hjelp for vanskanane sine.

Tilrettelegging for funksjonsnedsetjing: Ressursar for at barnehagen kan leggja tilretteleggja i barnet sine omgivnader med til dømes belysning slik at barnet ikkje blir blenda.

Døme 2: Barn med diabetes

Allmennpedagogisk: Største del av tiltaka bør løysast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet gjennom observasjonar av barnet i leik og i aktivitet.

Spesialpedagogisk hjelp: Til vanleg har barn med denne diagnosen ikkje behov for spesialpedagogisk hjelp.

Tilrettelegging for funksjonsnedsetjing: Barnet kan trenge ekstra støtte i samband med planlegging og gjennomføring av måltider i barnehagen.

Døme 3: Barn som strevar med det sosiale sam-spelet

Allmennpedagogisk: Største del av tiltaka bør løysast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet gjennom organisatoriske tiltak, gode relasjonar til barnet, ei felles og gjennomtenkt måte å møte barnet på og forståing for måten barnet uttrykkjar seg på.

Spesialpedagogisk hjelp: Sakkunnig vurdering viser om barnet har rett til hjelp for vanskanane sine.

Tilrettelegging for funksjonsnedsetjing: Barnets sosiale vanskar inneber som oftast ikkje at barnet har nedsett funksjonsevne. Barnets behov må varetakast gjennom det allmennpedagogiske tilbodet og eit eventuelt spesialpedagogisk tilbod.

8. KVA ER KOMMUNEN SITT ANSVAR?

Kommunen skal sørgja for at informasjon om tilrettelegging ved nedsett funksjonsevne er lett tilgjengeleg på nettsida til kommunen.

Tilrettelegging av barnehagetilbodet er ei plikt kommunen har for barn med nedsett funksjonsevne og som har eit reelt behov for individuell tilrettelegging i barnehagen. Dette gjeld for barn som er busette og har barnehageplass i kommunen. Kommunen skal fatta enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova § 2 b.

Kommunen skal sørgja for at saka er så godt opplyst og grunnigitt som mogleg før vedtak fattast. Føresette har ikkje plikt til å gi opplysningar, men synspunkta deira er viktige. Med skriftleg samtykke frå føresette kan det ved behov innhentast fleire opplysningar frå andre instansar. Dersom kommunen ikkje får nødvendige opplysningar, vil saka ikkje bli godt nok opplyst, noko som kan medføra feilaktig avgjerd i saka.

Barnet skal, så langt det er mogleg få uttala seg i saka, og barnets beste skal vektleggjast jf. barnekonvensjonen § 3. Det må komma fram i vedtaket korleis desse opplysningane er innhenta og korleis desse er tillagde vekt.

Påbakgrunnsvsøknad og innsend dokumentasjon vil kommunen vurdere, ta stilling til og grunnigjefølgjande:

- Om barnet har nedsett funksjonsevne
- I kva grad barnet kan hjelpast innanfor eit ordinært barnehagetilbod
- I kva situasjonar og korleis er behovet til barnet for ekstra hjelp og tilrettelegging
- Vurdering av barnets beste

Vedtaket skal på ein god og forståeleg måte visa korleis kommunen har vurdert vilkåret i lova.

I vedtaket skal foresatte opplyst om retten til å klage.

Eit vedtak etter § 37 kan vera:

- Bygningsmessige endringar
- Støtte til ekstra bemanning
- Naudsynt utstyr
- Andre tiltak

Dersom barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging skal det fattast eit enkeltvedtak om avslag. Vedtaket må grunnigvast om kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging.

Kommunen som barnehagemyndede har ansvar for å følgja opp innhaldet i vedtaket.

Dersom et barn tidligare har hatt vedtak om individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet, skal tiltak og effekt av vedtaket, leggjast til grunn ved eventuell ny søknad.

Unntak – uforholdsmessig byrde for kommunen
Det kan vera tilfelle der tilrettelegging av tilbodet i ein bestemd barnehage vil innebera ei uforholdsmessig stor byrde for kommunen. Barn kan derfor i unntakstilfelle tilbydast plass i ein annan barnehage enn den foreldra føretrekkjer, dersom individuell tilrettelegging ved den føretrekte barnehagen vil medføra ei uforholdsmessig byrde for kommunen.

Private barnehagar kan ikkje påleggast tilrettelegging utan at kommunen har gjort en avtale. Dersom private barnehagar ikkje samtykker til individuell tilrettelegging, skal kommunen fatte vedtak om individuell tilrettelegging i en annan barnehage i kommunen.



9. KVA ER BARNEHAGEN SITT ANSVAR?

- Sørgja for at alle barn har eit godt barnehagetilbod.
- Ha rutinar for oppfyljing av vedtak om NFE.
- Tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når barn har behov for ekstra hjelp og støtte i kortare eller lengre periodar.
- Ha rutinar som sørgjer for at barn med behov for individuelt tilrettelegging blir oppdaga.
- Informera føresette om retten til å søkja om individuell tilrettelegging.
- Kalla inn og drøfta saka i NFE-møte med barnehagemynd og føresette. Styrar skriv referat som blir lagt ved ein eventuell søknad.
- Prøve ut aktuelle tiltak i barnehagen og evaluera desse før eventuell søknad.
- Føresette kan i samarbeid med barnehagen søkja om individuell tilrettelegging for barne etter §37. Søknadsskjema finst på nettsida til kommunen.

Barnehagen skal i samarbeid med føresette, etter vedtaksperioden, skriva ei evaluering for korleis dei har vareteke arbeidet med tilrettelegging. Eigen mal er utarbeidd og skal nyttast: "Evaluering av tilrettelegging for barn med vedtak etter barnehagelova § 37".

Evalueringa skal:

- Bli behandla av barnehagemynd. Målet er å følgja opp om tilrettelegging er gjort i tråd med vedtaket.
- Vera ein del av grunnlaget dersom vedtaket skal førast vidare.
- Bli arkivert i sakssystemet til kommunen.

I saker der barn har behov for tilrettelegging og føresette ikkje ønskjer å søkja om dette, har barnehagen plikt til å opplysa kommunen om behovet til barnet.

Dersom behovet til barnet endrar seg, må det gjerast ei ny vurdering om tilrettelegging. Skulle behovet for tilrettelegging falla bort, vil ikkje kommunen lenger ha plikt til å leggja til rette barnehagetilbodet. Styrar skal informera føresette og kommunen om dette.

10. TILTAK

Tiltak som bør prøvast i det ordinære barnehagetilbodet før søknad om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Barnet sine vansker og behov er

avgjørande for kva tiltak som blir prøvd ut. Målet er å prøve ut i kor stor grad barnet kan tatt vare på i det ordinære barnehagetilbodet.

Tiltak	Skildring
Samtale med foreldre / føresette	Tidleg i bekymringa bør det vere ein samtale med føresette. Denne samtalen er for å høyre deira oppleving av barnet. Kva er barnet sine styrker? Kva er observert i barnehagen? Er det noko ein kan jobba med i fellesskap, saman med foreldra?
Kartlegging / observasjon Struktur i organiseringa	Barnehagen ser på seg sjølv, organiseringa og tilrettelegginga si innanfor det ordinære tilbodet. Observer og vurder organiseringa i dei ulike aktivitetane ein har i løpet av ein kvardag. Observer særleg dei aktivitetane/ rutinane som er vanskelege for barnet. Kva er den utløyssande faktoren? Tips: Få gjerne ein frå ein anna avdeling inn for å observera. Eksempel: Garderoben: Er det for mange barn i garderoben på same tid? Er det noko som barnet ikkje meistrar i påkledninga? Likar barnet seg ute?
Visuell støtte	For å gje barnet ein oversikteleg og forutsigbar kvardag bør det ordinære barnehagetilbodet innehalde dagstavle. Barnet bør også ha visuell støtte i overgangar.
Inndeling av barnegruppe	Barnehagen ser på eigen struktur og gruppesamansetning.
Relasjonsbygging	Vurder samspel og relasjon mellom barn og vaksen. Er dei vaksne tett på barnet?
Barnesamtale	Høyr barnet si stemme, er det noko barnet strevar med? Tips: Sett opp faste samtaler mellom ein fast vaksen og det aktuelle barnet, ein gong i veka og over ein periode.
Det fysiske miljøet	Tek det fysiske miljøet omsyn til den nedsette funksjonen til barnet? Er det mykje støy? Mange synsinntrykk? Er det eit inspirerande leikemiljø? Kor står leikane? Er det oversiktleg på avdelinga?
Meistring	Bygg dagen på aktivitetar som gjer at barnet kjenner meistring. Observer og samtale med barnet om kva og kven barnet likar å leika med.
Kompetanseheving	Kva er det dei tilsette synes er utfordrande hos enkelt barn? Søk rettleiing og ei felles kompetanseheving på det aktuelle temaet.
Vaksenrolla	Korleis blir dei tilsette på avdelinga opplevd? Er dei engasjert i barna og tett på i leiken?



